

# Bygdeutvikling: Folket; faktor for suksess

-Den beste måten å driva næringsutvikling på er å byggja miljø der folk trivest. Miljø kan aldri overvurderast i denne samanhengen. I så måte er Finnøy ein føregangs-kommune som mange bør sjå til, sa rektor på Høgskulen for landbruk og bygdenæringer, Dag Jørund Lønning, på eit møte om bygdeutvikling sist torsdag.

TEKST OG FOTO: ODDBJØRG M. MÅLAND

Finnøy kommune deltek saman med fire andre europeiske land og Rogaland Fylkeskommune, i eit fire-årig EU-prosjekt, Vital Rural Area, eller Levande Bygder på folkemunne. Prosjektet er halvvegs i perioden, og leiar, Heidi Skifjell, orienterte om erfaringar så langt. Fokus i prosjektet er på bygdeutvikling, næringsutvikling, omdømmebygging, service og livskvalitet. Prosjektet har gitt Finnøy fleire resultat så langt.

## SJÅ TIL FINNØY

Det er særleg prosjektet som går på førebygging av ulike livsstilssjukdommar som har fått dei andre medlemslanda i EU-prosjektet til å sjå mot Finnøy. Heiko

Schreiber, Eline Wolden Bersagel og Oddny Kjolvik har utvikla eit nettbasert verktyg med fokus på førebygging av ulike livsstilssjukdommar. Oppleget som vert koyrd kontinuerlig, har hatt omlag 120 deltakarar så langt. Også når det gjeld utvikling av småskalaprodusentar av lokale råvarer, har det vore stor interesse og mange nye er komne på banen. Elles gjorde Skifjell greie for den generelle utviklinga. Kva har skjedd og kva er planane framover i prosjektet.

-Eg er ikkje i tvil om at vår deltaking i dette prosjektet er svært utviklende for kommunen. Me får marknadsført Finnøy og vist Rogaland og resten av landet korleis me driv utviklingsarbeid i distrikta. Distriktsutviklar, Birte Fossheim, ved distrikts- og kompetansesenteret i Sogndal, seier at måten me jobbar med desse tinga på er heilt etter oppskrifta, seier Skifjell.

Lønning snakka om sukseskririar for å lukkast med bygdeutvikling. Det er utan tvil folket som avgjer graden av suksess. Fokuset må flyttast frå produktet til menneska som står bak produktet. Bygda må gjera stort spennande utifra trendar i samtida. Me må få fram det som er spesielt med bygda. Det bygda har som ikkje byen har, og det vår plass har og som ikkje naboen har.

## MENNESKET FØRST

-Det er lokalt ressursane finst;

menneskelege, kulturelle og naturbaserte.

Folket er opphavet til all vekst og utvikling. Me må aldri gløyma at utvikling og produksjon først og fremst skjer på grunn av mennesker som har rom til å skapa. Det er viktig å halda på eit godt produksjonsmiljø. Tomatfestivalen er eit døme på det. Det vil sei at tomatnæringa i kommunen kan i neste omgang omgjerast eller vidareførast til å vera ei næring for opplevelingar.

Det me har og det me kan lokalt, må liggja i botnen for å få til ei positiv og berekraftig utvikling. Fokus må flyttast frå det me ikkje har til det me har. Eit nytt og positivt språk om bygda må utviklast. Sjølv dei mest kapitalistiske krefte innser at offentlege midlar må inn i byrjinga. Det vil sei med menneska, og ikkje mot sluttproduktet, seier Lønning.

-*Korleis skjer dette i praksis?*

-Igen, det viktigaste av alt. Tenk alltid mennesker og miljø først, ikkje produkt. Finnøy var tidleg ute med denne diskusjonen, og det er bra, mange heng etter her. Bruk ressursane som finns, leik med dei og tenk nytt. Gjer ressursane interessante og relevante for framtida, og gjer deg sjovt til ein del av endringane som dette inneber. Spesielt med tanke på å få tilbake ungdommen til bygdene er dette viktige faktorar. Skal ein lukkast med det, må ungdommen få bruka ressursane i tråd med eigne interesser



Dr. philos og sosialantropolog Dag Jørund Lønning tek fram Finnøy som eit godt døme på bygdeutvikling.

og verdiar. Dei unge er forvaltarar av sanninga. Ikkje fell for freisitinga til å tenkje at alt var betre før, hevdar Lønning.

## POSITIV UTVIKLING

I følgje Lønning er Finnøy kommune inne i ein positiv trend når det gjeld utvikling. Han meiner kommunen har gode utsikter til å utvikla seg ytterlegare i tida framover.

- Lokalisering spelar her ei viktig rolle. Finnøy ligg nær Stavanger, ved fjorden i Ryfylke. Kommunen har ei sterk primærnærings, folkevekst, stor vekst i nye næringer og

nye kommunikasjoner. Ikkje minst trur eg deltagkinga i EU-prosjektet er eit stort pluss for kommunen. Sagt med andre ord; Finnøy står fram som ein spannande plass å bu. Resultatet av desse faktorane stimulerer tilflyttarar til også å engasjera seg aktivt i utviklinga. På den måten vert det skapt aktivitet.

I det heile, så snakkar me her om ein positiv smitteeffekt, seier Lønning.

## Vil ha "Finnøykonferansen" etter modell av "Solakonferansen"

Dagleg leiar i Ryfylke Næringshage, Heidi Skifjell, vil ha ein eigen årleg distriktskonferanse i Rogaland med fokus på dei små og mellomstore bedriftene i fylket, og distrikta som busettings- og rekreasjonsområde.

TEKST: JON ASGAUT FLESJA

Ho vil nå førebu ei sak for fyl-

kespolitikarane i Rogaland for å få fylkeskommunen med på laget. Dette kom fram ved avslutninga av "Levande bygder" konferansen som vart avvikla på Finnøy torsdag i sist veke.

## FRAMTIDAS

## UTFORDRINGAR

NHO- Rogaland saman med

fylkeskommunen, arrangerer kvart år sin årlege Solakonferanse, der sentrale fylkespolitikarar, ordførarar og stortingspolitikarar saman med leiande næringslivstoppar er representert. No vil altså Skifjell arrangera ei "miniu-ttgåve" av denne konferansen,

der fokuset skal rettast mot næringslivet i distriktskommunane og dei utfordringane som desse har. I tillegg så peikar heilt sentrale utviklings-trekk i dei store pressområda i kommunane på Nord-Jæren mot at ein i langt større grad må planleggja framtida gjennom eit samspele med dei såkalla distriktskommunane i Ryfylke og elles.

-Det særleg i lys av dei store utfordringane som ein no må takla, både når det gjeld næringsutvikling, busetting og infrastruktur elles. Det same gjeld også for andre pressområde i fylket, meiner Skifjell.

- Konferansen på Finnøy kan med dette bli starten på eit fokus rundt distrikta si rolle i det vidare utviklingsarbeidet for heile Rogaland. Sola har sin velrenomerte "Solakonferanse". Kanskje framtidas distriktskonferanse vil bli på Finnøy og få namnet, "Finnøykonferansen", seier ei engasjert Heidi Skifjell til slutt.